



Magne Rifsgård

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2248 - 16/23076

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

05.12.2016

Godkjenning - GBNR 38/1 - Løyve til oppretting av grunneigedom - Refskar

Administrativt vedtak. Saknr: 413/2016

Tiltakshavar: Magne Rifsgård.

Søknadstype: Søknad om deling av grunneigedom etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 første ledd bokstav m).

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Magne Rifsgård har søkt om deling av gbnr. 38/1 for oppretting av ny grunneigedom på om lag 50 m², jf. pbl § 20-1 første ledd bokstav m).

Det omsøkte arealet er matrikkelført på gbnr. 38/3, der Bjørg Inger Rifsgård er heimelshavar.

Tiltakshavar har vist til utskiftingsprotokoll for utmarka der det står at gbnr. 38/1 har eigedomsrett til det omsøkte arealet. Anne Lise og Magne Fredrik Rifsgård er heimelshavar til gbnr. 38/1.

Det vert vist til søknad journalført motteke 20.9.2016.

VURDERING:

Nabovarsling:

Eigar av gbnr. 38/3 er nabovarsla, men har ingen merknadar til tiltaket. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21-3 første og andre ledd.

Avvisning:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det følger av pbl § 21-6 at bygningsmynde ikkje skal ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggjesøknadar. Viss det står fram som «*åpenbart*» at tiltakshavar ikkje har privatrettslege rettigheter som søknaden føreset, «*skal søknaden avvises*».

Ettersom tiltakshavar har dokumentert sin eigedomsrett til det omsøkte arealet, og eigar av gbnr. 38/3 ikkje har merknadar til tiltaket, kan administrasjonen ikkje sjå at det er åpenbart at tiltakshavar ikkje kan søkje om deling i dette tilfellet. På bakgrunn av dette finn vi ikkje grunnlag for å avvise søknaden. Vi presiserer at vi med dette ikkje har teke stilling til innhaldet i privatrettslege tilhøve i saka.

Lov- og plangrunnlag:

Oppretting av eigedom er eit «*tiltak*» etter pbl § 1-6, og er søknadspliktig etter § 20-1 første ledd bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at «*[o]pprettelse av ny grunneiendom (...), eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan.*»

Det omsøkte arealet er uregulert, men er sett av til naust i arealdelen til kommuneplanen (KPA). I følgje tabell 6 til føresegn 2.1.5 til KPA kan det byggjast tre naust i området i planperioden. Deling som omsøkt er dermed ikkje i strid med gjeldande arealformål, jf. pbl § 26-1.

Vatn- og avlaup:

Omsøkt deling har ingen verknad på tilhøva til vass- og avlaupsnett.

Tilkomst:

Den omsøkte parsellen har gangrett over gbnr. 38/3. Administrasjonen føreset at erklæring om rett i fast eigedom for gangrett, datert 1.12.2016, vert tinglyst.

Parkering:

Tabell 4 i føresegn 1.6.9 til KPA stiller krav til parkering. I følgje den skal naust med eiga gbnr. ha 1 parkeringsplass for bil. Rune L. Skår har gjeve løyve til parkering på gbnr. 38/8. Administrasjonen føreset at erklæring om rett i fast eigedom for parkering, datert 6.10.2016, vert tinglyst.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 første ledd bokstav m), løyve til deling av gbnr. 38/1 for oppretting av ny matrikkeleining på om lag 50 m², jf. vedlagte situasjonskart journalført motteke 20.9.2016. Grunngeving for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på arealet vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf. pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
20161205134532

Mottakere:

Magne Rifsgård

Rune L. Skår